



Ra - Walderhaug, Eva Sætersdal

Dato: 04.11.2014  
Vår ref.: 2014/1022-11  
Saksbehandlar: solrong  
Dykkar ref.:

## **Statsbudsjettet 2014 Kap 1429 post 70 2014 - Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminner (BARK) og Bevaringsprogram for bergkunst (BERG) - Rapportering Hordaland fylkeskommune 2014**

Hordaland fylkeskommune fekk i 2014 tilsegn om midlar frå Riksantikvaren til 3 prosjekt under BARK-prosjektet og 2 prosjekt under BERG-prosjektet.

<b>Bevaringsprogram</b>	<b>Prosjekt</b>	<b>Tilsegn om tilskot</b>
BARK 2014	Skjøtsel Munketrappene	40.000,-
BARK 2014	Skjøtsel av gravhaugar på Stødleterrassen	40.000,-
BARK 2014	Skjøtsel og tilrettelegging Ruskeneshellaren	25.000,-
BERG 2014	Mostraumen interaktiv formidling	300.000,-
BERG 2014	Bruteigsteinen ny rampe	50.000,-

Hordaland fylkeskommune operer med kr. 200,- per time som sats for ordinært dugnadsarbeid. For arbeid utført av fylkeskommunens tilsette er timesatsen knytt opp til timeprisen for arkeologisk feltarbeid, kr. 700,- per time. Reiseutgifter kjem i tillegg.

Rapportering om BARK er gjort av Solveig Lohne Rongved. Rapportering om BERG er gjort av Tore Slinning.

## **BARK**

Hordaland fylkeskommune fekk tilsegn om BARK-midlar frå Riksantikvaren til tre prosjekt for 2014:

- 1) Skjøtsel Munketrappene
- 2) Skjøtsel og tilrettelegging Ruskeneshellaren
- 3) Skjøtsel av gravhaugar på Stødleterrassen

I tillegg bad Hordaland fylkeskommune ved rapportering i 2013 om å få overført midlar for følgjande prosjekt til 2014:

- 1) Tilrettelegging av kongshaugen på Hop 25.000,-
- 2) Skjøtsels- og tilretteleggingsplan for Hæreidterrassen 70.000,-
- 3) Tilrettelegging Kolltveit 25.000,-

Merk: Det er ikkje utbetalt midlar til nokon av prosjekta der det har vore aktivitet i 2014, heller ikkje prosjekt som fekk tilsegn om tilskot i 2013. Dette er grunna lengda på prosjekta. Ein ventar krav om utbetaling av midlar snarast.

**BARK 2014: Skjøtsel av Munketreppene, Ullensvang. Del av søre Nordmannsslepa, ID 108377**

Skjøtsel av Munketreppene i Ullensvang herad er eit større prosjekt som er planlagt gjennomført over flere år. Hordaland fylkeskommune har gitt løyve til at vegetasjonsskjøtsel kan ta til utan skjøtelsplan, og mykje av dette arbeidet er gjennomført i 2014. Arbeidet med skjøtelsplan vil ta til slutten av 2014.

Munketreppenes vener har i 2014 fått utarbeidd ein forprosjektrapport for arbeidet, og det er gjennomført vegetasjonsskjøtsel av store delar av traseen. Det vart i 2014 søkt om kr 40.000,- til skjøtsel av stien, med eit kostnadsoverslag for

vegetasjonsarbeid på kr 80.000,-. Det er i 2014 gjennomført vegetasjonsarbeid til ein verdi av kr 43.400,-. Det er naudsynt å gjera delar av vegetasjonsarbeidet parallelt med steinarbeidet, og det resterande vegetasjonsarbeidet vil gjennomførast i 2015.

**Gjennomført vegetasjonsskjøtsel 2014:**

Lofthus/Eidsnesgrenda	112 Timar
Jakt og fiskarlaget	60 Timar
Opedal grunneigarlag	45 Timar
<hr/>	
Tilsaman	217 timar x 200,- per time = 43.400,-

Me ber om å få utbetalt den fulle tilskotssummen på kr 40.000,-. Den resterande delen av midlane og dugnadsinnsats som dekkjer 50% vil verte nytta til vegetasjonsskjøtsel i 2015.



**BARK 2014: Skjøtsel av gravhaugar på Stødleterrassen, Etne. ID 90167 «Olahaugen» og 127307**

Jamfør søknaden ligg dei aktuelle gravhaugane innanfor det midlertidige fredningsområdet for Stødleterrassen, ID 150278. Tiltak er i denne omgongen prioritert for Olahaugen. Den andre aktuelle gravhaugen er usikker, og ein vil i den vidare skjøtselen av området i 2015 søkja å avklara kor vidt det er restar att etter denne.

Det er i 2014 gjennomført restaurering av den skadde gravhaugen «Olahaugen». Olahaugen er attendeført til høgda den hadde ved utgravinga i 1950 ved at det vart fylt i massar opp til toppen av profilbenken som sto att etter utgravinga som då vart gjort. Det vil verte utarbeida ein rapport for dette arbeidet. Haugen vart rydda for vegetasjon og området stelt til. Det er utarbeidd skjøtelsplan som skal sikra vedlikehald av skjøtsel, og restaurering og rydding av området sikrar at skjøtsel lettare kan skje i samband med ordinær drift av området. Det praktiske arbeidet er gjennomført i tett samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Skjøtsel og restaurering av Olahaugen må sjåast i samanheng med eit framtidig arbeid med skjøtsel av Stødleterrassen og oppgradering av formidlinga av kulturminna her.

Dato	Aktør	Føremål	Timar		Reiseutgifter
26.6.2014	HFK	Synfaring og møte med grunneigar	7,5	5250,-	2542,25,-
17.9.2014	HFK	Restaurering av Olahaugen og synfaring utført skjøtsel	7,5	5250,-	1937,25,-
2014	HFK	Skjøtelsplan, planlegging, kart, m.m.	15	10500,-	-
2014	Eigar	Skjøtelsarbeid		7250,-	-
2014	Eigar	Kostnader for bruk av traktor		12.150,-	-
2014	Entreprenør	Massar. m.m. til restaurering		18.050,-	-
				58.450,-	4479,5,-
				62929,5	

Me ber om å få den fulle tilskotssummen på kr 40.000,-. Resterande midlar og vert nytta i 2015, med ferdigstilling av skjøtelsplan og tilsåing av gras på lokaliteten. Resterande eigenfinansiering vil verte dekkja av oppfølging av Hordaland fylkeskommune i 2015.



### BARK 2014: Skjøtsel og tilrettegging av Ruskeneshellaren, Bergen. ID 25782

Det er i 2014 ikkje skjedd framdrift med dette prosjektet. Det er ein reguleringsplan under arbeid for området. Fylkeskommunen ynskjer å forankra skjøtsel av området i denne planen for å avklara tilkomst og parkeringsmoglegheiter og sikra vedlikehald av skjøtsel. Det er framleis ynskje om gjennomføring av prosjektet.

Me ber om å få utbetalt det løyvde tilskotet i påvente av framgong med reguleringsplanen. Dersom reguleringsplanen let vente på seg vil ein søkja å løysa utfordringane uavhengig av planen.


### BARK 2013: Gravfeltet på Hereidsmoen, Eidfjord kommune. Askeladden ID 110228

Prosjektet med utarbeiding av skjøtelsplan for Hæreidsmoen tok til i 2013. Jamfør rapporteringa 2013 er dette eit langsiktig prosjekt der arbeidet med skjøtelsplanen har tatt to år. Skjøtelsplanen er utarbeidd av NLR Hordland i samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune kom inn i arbeidet med planen i 2014 og har ansvar for alt knytt til vern og retningslinjer for kulturminne. NLR Hordland har hatt ansvar for å arrangera synfaringar og møter, setje saman dokumentet, og utarbeida generelle delar av planen samt oversikt over vegetasjon, beite, osv. Planen er ført i pennen av NLR Hordland.

Det er lagt stor vekt på prosessen kring utarbeiding av skjøtelsplanen. Det er gjennomgåande lagt stort fokus på å involvera og inkludera grunneigarane, og det er gjennomført individuelle synfaringar med alle grunneigarane med tanke på å få fram alle utfordringar i høve til vern og bruk, og korleis eksisterande tilrettelegging fungerer. Det er òg gjennomført fleire møter med kommune, NLR Hordland og grunneigarane.

Siste møte i saka vart avhalde 14. oktober der det vart semje om at utkast til plan vart godkjent med mindre endringar. Ferdig plan og avtale for signering vert sendt ut i løpet av november/desember. Planen er å ta til med rydding av vegetasjon og oppdatering av merking og skilting på nyåret. Einskilde tiltak er allereie sett i verk, som utplassering av postkasse med folder. Dette er fyrste gong det er utarbeidd ein samla skjøtelsplan for denne lokaliteten der planen er utarbeidd i dialog med kommune og grunneigarar. Det er i planen lagt opp til eit årleg møte for å halda oppsyn med prosjektet og evaluera kor vidt dei oppsette tiltaka er tilstrekkeleg og fungerer som planlagt.

Tilskotet er ikkje utbetalt då møter planen framleis var under arbeid i oktober 2014, men vil truleg verte utbetalt innan utgongen av året.



**Hordaland fylkeskommune 2014**

Dato	Føremål	Timar		Reiseutgifter
	<b>Overført frå rapportering 2013:</b>		<b>6600,-</b>	<b>1827,-</b>
25.3.14	Synfaring lokaliteten med LNR Hordaland,	11	7700,-	1614,-
21.5.14	Synfaring bruk 4 m. grunneigar og LNR Hordaland.	8	5600,-	1657,-
4.6.14	Synfaring bruk 18-20 og bruk 9 m. grunneigar og LNR Hordaland	10	7000,-	1617,-
2.7.14	Møte med Eidfjord kommune, livOGlyst, LNR Hordaland	8	5600,-	1548,-
14.10.14	Møte med Eidfjord kommune, grunneigarane, livOGlyst, LNR Hordaland	10	7000,-	1573,-
16.10.14	Synfaring bruk 18-20 med omsyn til beite	7	4900,-	1561,-
30.10.14	Synfaring bruk 9 med omsyn til uttak av ved (2 personar HFK)	14	9800,-	2253,-
2014	Kontorarbeid med oppfølging av plan, kartarbeid, m.m.	112,5	78.750,-	-
	Sum	180,5	132.950,-	13.224,-
			<b>146.174,-</b>	

**Norsk Landbruksrådgiving Hordaland 2014**

Tidsforbruk i samband med synfaring, møte, kontakt med grunneigararar, og skriving  
123,75 timar à kr 675 =kr 83 531.

Reiseutgifter:

Km-godtgjersle: 950 km à kr 4,05 = kr 3 848

Ferjeutgift (Bruravik-Brimnes-Bruravik): kr 88 x 2 x 2 = kr 352

Bompengar Hardangerbrua: kr 150 x 2 x 7 = kr 2 100

Bompengar Svelgane (2013): kr 40 x 2 x 4 = kr 320

Bompengar Svelgane (2014): kr 43 x 2 x 5 = kr 430

**Totalt: kr 90 581.**

Budsjett	NOK	Finansieringsplan	NOK	Brukt	NOK
Skjøtselsplan	70.000,-	BARK-tilskot	70.000,-	LNR Hordaland	90.581,-
Oppfølging, rådgjeving	55.000,-	HFK	55.000,-	HFK	132.950,-
Admin,reise	25.000,-	HFK	25.000,-	Reiser	13.224,-
SUM	150.000,-		150.000,-		236.755,-

**BARC 2013: Kongshaugen, Hop, Askøy.**

Grunna utskiftningar i staben ved kommunen er dette prosjektet forsinka. Det er utarbeidd ein utkast til plan og prosjektet vil venteleg verte gjennomført vinteren 2014/2015. Ein har i 2014 motteke førespurnad om prosjekt frå fleire kommunar, og har prioritert å følgja opp desse samt ferdigstilling av prosjektet Hæreidsmoen. Fylkeskommunen er i dialog med kommunen om saka og har tru på at denne vil verta eit positivt prosjekt og lett å ferdigstillast.

Me ber om å få nytta tilskot tildelt i 2013 til ferdigstilling av prosjektet i 2015.

**BARC 2013: Gravrøyser Kolltveit, Fjell. ID 127360 m fl.**

Dette prosjektet står på vent av omsyn til tryggleiken i området. Det er ein markert skråning ned mot sjøen frå dei aktuelle gravminna, og skulen ynskjer å vurdere tryggingstiltak før det vert gjort arbeid på staden.

Det aktuelle prosjektet er av ein storleik som er vanleg for Hordaland, og omfattar vegetasjonsskjøtsel og enkelt kulturminneskilt. Det kjem ofte til mindre prosjekt i løpet av året som kan gjennomførast raskt og der det er ynskjeleg å få satt opp skilt. Det er for desse mindre prosjekta ei utfordring at søknad om midlar skjer ein gong årleg, då dette kan bety at prosjektet må liggja på vent i ein lengre periode i påvente av søknadsfrist for BARC.

Me ber om å få ha midla ståande på konto i von om at dette prosjektet vil la seg gjennomføra i 2015. Eventuelt vil me senda søknad om løyve til å omdisponera midla til eit tilsvarande prosjekt.

**Annan aktivitet 2014**

I 2014 er det utarbeidd skjøtelsplan og skilt for kulturminne ved Mannaberg i Sveio Sentrum, ID 110521. Den aktuelle lokaliteten står ikkje på BARC-lista, men Hordaland fylkeskommune prioriterer å følgja opp prosjekt der kommunen er aktivt interessert, og det var gode argument for skjøtsel av den aktuelle lokaliteten. Prosjektet hadde mellom anna naudsynt finansiering. Lokaliteten ligg i sentrum av kommunen, tett ved veg og parkering, og i tilknytning til verneområde for salamander. Kommunen ynskte skjøtsel og skilting av kulturminnet i samband med prosjektet «Kulturskattane på Haugalandet». Skjøtsel er gjennomført.

Det er gjennomført skjøtsel av gravrøys ved Bekkjarviksundet i Austevoll kommune (ID 25768). Kulturminnet er adoptert av Kolbeinsvik skule og røysa er rydda for vegetasjon. Det er førebels ikkje mål om å setje opp formidlingsskilt på staden. Alt arbeid vart utført på dugnad. Den aktuelle gravrøysa er på BARC-lista for Austevoll.

**BERG**

Hordaland fylkeskommune fekk tilsegn om BERG-midlar frå Riksantikvaren til to prosjekt for skjøtsel/tilrettelegging av bergkunstlokalitetar i 2014, samt overført unnytta midlar frå 2013 til pågåande skjøtelsesarbeid på tidlegare omsøkte lokalitetar.

Følgjande prosjekt har fått løyve om stønad:

- 1) Ny rampe ved Bruteigsteinen, id. 90158, Etne kommune
- 2) Skjøtelsplan/Interaktiv formidling av helleristningslokaliteten Mostraumen, id. 91322, via smarttelefoner/nettbrett, Modalen kommune

Hordaland fylkeskommune har halde fram det gode samarbeidet med Universitetsmuseet i Bergen. Utfordringa er som kjend frå tidlegare sesongar vår avgrensa tidsmessige kapasitet til gjennomføring av prosjekta. Frå vår side har det så langt i år berre gått med 25,5 arbeidstimar på lokalitetane i felt. Den mest kritiske oppgåva med å sikre ei trygg rampe på Bruteigsteinen er ferdigstilt, men store oppgåver står att til oppfølging utover vinteren og vidare ut 2015. Dette gjeld især samarbeidet med Modalen kommune om skjøtelsplan og utvikling av interaktiv formidling av helleristingane ved Mostraumen.

**Gjennomførte tiltak i løpet av sesongen 2014:**Bruteigsteinen:

Synfaring saman med Universitetsmuseet i Bergen, grunneigar Eivind Jensen og Frette Byggservice (lokal entreprenør godkjent for ansvarsrett). Under synfaringa kunne ein sjå resultatet av skjøtelsesarbeidet frå 2013, der fjerninga av lav og algar og innsetting med sprit hadde gjort bergflata svært presentabel. Målet for synfaringa var å få ei byggfagleg vurdering av tilstanden til publikumsrampa og omfang av naudsynte tiltak, samt fastsetje vilkår for bygginga slik at ein kunne unngå potensielt skadelege inngrep i lokaliteten. Etter entreprenøren sin inspeksjon viste det seg at det ikkje var naudsynt å bygge opp at heile rampa for å gjere ho varig sikker for ferdsle. Dette blei i staden løyst ved å skifte ut svake og øydelagde delar, og ved å bygge opp at tilkomsten til rampa, som saman med nytt rekkverk blei solid forankra ned i den eroderte terrasseskråninga. Istandsettinga av rampa blei difor langt rimelegare enn dei kostnadane vi hadde tatt høgde for. Trematerialet som blei nytta var sibirsk lerk, som etterkvart vil få ein noko tilsvarande grå patina som dei eldre delane av rampa. Toppdekket er understøtta av trykkimpregnert material mot markoverflata. Det er også nytta trykkimpregnert material i gjerdestolpane som forankrar denne delen av rampa i erosjonsskråninga. Grunneigaren vil på si side helde fram med å så til denne terrasseskråninga for å hindre vidare erosjon.

Mostraumen:

Arbeidet med formidlingsprosjektet i Mostraumen går svært tregt. Ifølge Modalen kommune er det no ein ny grunneigar på garden, og kommunen har ikkje fått i stand ei avklaring med heimelshavar om tilrettelegging av lokaliteten. Tilskotet til utviklingsprosjektet med interaktiv formidling av helleristingar er knytt til planen om tilrettelegging av bergkunsten i Mostreumen. Prosjektet heng i så måte på godt og vondt saman med utarbeiding av skjøtelsplanen for denne lokaliteten. Især må avtale med grunneigaren kome på plass for å få framdrift i prosjektet. Vi har sterkt håp om at dette kan løysast no i vinter, og at ein tidleg i 2015 kan byrje å få inn anbod på utviklingsarbeidet med applikasjonen.

Elles kan det nemnast at vi har vore innom for å sjå til helleristingane på Bakka i Herand. Desse har no lagt utan tildekking ei tid, og var byrja å bli skjemd av algevekst og mose. Vi nytta difor anledninga til å utføre noko skjøtelsesarbeid med fjerning av mose og reinsing av bergflata på feltet Bakke I. Her trengs det



oppfølgjande skjøtselsarbeid, og samkjøring med bygdelaget i Herand om betre rutinar for tildekking av bergflatene i vinterhalvåret.

Vi har også vore innom Vangdal i Kvam, der publikumsrampa på feltet Vangdal II etterkvart byrjar å bere preg av å bli noko til års komen. Vi tek sikte på å foreta ei meir grundig tilstandsvurdering av denne rampa. Vi har også sett til gropsteinen Opedal VII på Tveitane i Ullensvang. Tilrettelegginga for tilkomst til lokaliteten er svært nedsliten, og ein må vurdere om delar av denne rampa også må skiftast ut. Det har ikkje blitt utført noko arbeid knytt til den planlagde skiltinga av Håhaugsteinen i Ullensvang denne sesongen. Dette gjeld også Helgaberget i Etne, der ein etter synfaring tidlegare i år finn det naudsynt med nytt skilt.

#### **Attståande arbeid for 2014:**

##### Mostraumen:

Halde fram arbeidet med Modalen kommune for å få etablert grunnlag for ein skjøtselsplan, og få framgang i prosjektet med interaktiv formidling av helleristingane.

##### Håhaugsteinen:

Vidare skjøtsel av bergflatene og iverksetjing av ny skiltplan.

##### Helgaberget:

Vidare skjøtsel av bergflatene og oppsetting av nytt skilt.

##### Bakke:

Vidare skjøtsel av bergflatene, og vidareutvikle samarbeidet med Herand bygdelag

##### Vangdal I:

Tilstandsvurdering av rampe og evt. istandsetting.

##### Opedal II:

Tilstandsvurdering av rampe og evt. istandsetting. Oppsetting av nytt skilt.

**Konklusjon BERG**

I budsjettet for 2014 utgjorde utviklingskostnadene til interaktiv formidling av Mostraumen den største posten. Kostnaden blei estimert til 400.000 kr, der prosjektet fikk tilsegn om 300.000 kr av Riksantikvaren. I påvente av avtale mellom Modalen kommune og grunneigar, har vi ikkje funne det tilrådeleg å bruke noko av desse midlane inneverande sesong, og dei vil bli søkt overført til budsjettet for 2015. Potten med midlar frå Riksantikvaren som låg til grunn for årets aktivitet, var 104.880 kr overført frå 2013 til pågåande skjøtselsprosjekt, samt 50.000 kr til publikumsrampa på Bruteigsteinen. Rapporteringa av bruken av desse midlane er vist i tabellen nedanfor.

PROSJEKT	Kostnad	HFK	RA	Brukt	Rest	Rest RA	Rest HFK
Istandsetting av rampe på Bruteigsteinen, Etne kommune	100.000	50.000	50.000	Matr/arb 26.230 Reise/adm 10.857	62.913	31.457	31.457
Div. vedvarande skjøtselsarbeid. Div. synfaring og tilstandsvurdering	209.766	104.880	Overført til HFK 104.880	9.100	200.666	100.333	100.333
SUM	309.766	154.880	154.880	46.187	263.579	131.790	131.790

Av Riksantikvarens tilskot til rampe på Bruteigsteinen på 50.000 kr står det att 31.457 kr. Saman med 104.880 kr overført frå 2013, står det att 131.790 kr av dei løyvde midlane. Med tanke på attståande skjøtselsarbeid og mogleg kostnadskrevjande oppgåver med publikumsrampene på Vangdal II og Oppedal VII, ynskjer vi å kunne nytte desse midlane vidare utover neste sesong. Hordaland fylkeskommune ynskjer med dette å få utbetalt tilskotet på 50.000 kr til istandsettinga av rampe på Bruteigsteinen, slik at det overskytande beløpet på 31.457 kr kan nyttast i 2015 saman med dei overførte midlane frå 2013.

Utviklingsprosjektet med interaktiv formidling av helleristingane i Modalen tek lengre tid enn planlagt, og Hordaland fylkeskommune søker om å få utbetalt midlane vi fekk tilsegn om i 2014, slik at prosjektet kan realiserast i 2015.

Med overføring av resterande midlar til neste års budsjett, vil dette gje tilstrekkeleg grunnlag for vårt skjøtsels- og tilretteleggingsarbeid med bergkunstlokalitetane i Hordaland i 2015. Det vil då ikkje bli naudsynt å søkje om ytterlegare BERG-midlar for 2015.

Ein har i 2014 brukt mykje tid på å ferdigstill større prosjekt, og på å imøtekoma kommunane sine ynskjer om kva prosjekt som skulle gjennomførast fyrst. Det er difor prioritert å starta opp nye prosjekt der det lokale initiativet er stort framfor å fokusera på å ferdigstill prosjekt som naturleg har tatt lengre tid. Ein nyttar tid og ressursar på å forankra prosjekta godt i kommunane i von om at dette på sikt vil føra til betre oppfølging og større positive ringverknader av prosjekta.

Me ber om å få utbetalt tildelt tilskot for 2014, og å få nytta resterande midlar i 2015. Me ber òg om at midlar tildelt i 2013 som ikkje er nytta vert ståande hjå oss i von om at prosjekta kan ferdigstillast i 2015. Me vil i 2015 anten gjennomføra prosjekta eller søkja om omdisponering av midla.

Elektronisk skjema for BARK og BERG er vedlagt.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Solveig Lohne Rongved  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*